Dalheim \
Rasmussen
Advokatfirma



# SEIMSSTRANDA 4,  5912 SEIM



Seimsstranda 4

Eirik Myking Midtbø
advokat

Ta gjerne kontakt!
+4798652998



# NØKKELINFORMASJON

| | |
|---|---|
| **Adresse:** | Seimsstranda 4, 5912 Seim |
| **Prisantyding:** | kr 2 390 000,- + omk. |
| | |
| **Bustadareal:** | 143 Kvm |
| **P-rom:** | 133 Kvm |
| **Soverom:** | 3 |
| **Etasjar:** | 2 |
| | |
| **Eigarform:** | Eigarseksjon |
| **Byggjeår:** | 2006 |



# FAKTA OM EIGEDOMMEN

**Prisantyding**
kr 2 390 000,-

**Kostnader**
Tinglysingsgebyr pr. pantobl. kr 525,-
Tinglysingsgebyr skøyte kr 525,-
2,5% dokumentavgift kr 59 750,-

**Totalpris ved kjøp til prisantyding**
kr 2 450 800,-

Kjøpesummen og alle kostnader skal betalast til DalheimRasmussen Advokatfirma ANS sin oppgjerskonto 6501 06 27480 og merkjast med saksnummer 34065/EMM.

**Om eigedommen**
Eigedommen ligg landleg og fint til på Seim i Lindås kommune. Gode solforhold med terrasse og altan på kvar side av huset.

10-15 minutt køyring frå Knarvik senter og 45 minutt frå Bergen sentrum. Gangavstand til skule, barnehage, idrettsplass og daglegvarehandel.

Rekkehuset er frå 2006 og ligg i eit område med liknande bustader.

Lys og pen bustad med fine kvalitetar og god planløysing.

**Standard**
Rekkjehus oppført i 2006 med  normalt god standard. Open stove-/kjøkkenløysing, 3 soverom, bad, ekstra toalett. Utvendig bod (noko lekkasje). Romsleg terrasse, delvis overbygd. Ekstra altan over inngangsparti. Vaskerom.

Romsleg kjøkkeninnreiing. Profilerte skåpfrontar og laminatbenkeplate. Integrert mikro, steikeomn, platetopp og oppvaskmaskin. Uttrekkbar ventilator. Sentralstøvsugar.

Felles parkeringsareal.

Ein viser elles til takst 9. april 2019 frå byggmeister/ takstmann Arne Frostad.

Areal
BTA 158 kvm
BRA 143 kvm
Primærrom 133 kvm
I tillegg utvendig bod på 5 kvm.

Etasjefordeling:
1. etasje: Hall m/trapp, bad, vaskerom, 2 soverom
2. etasje: Trapperom, stove/kjøkken, wc-rom, soverom

**Kommunale avgifter**
Om lag kr 10 000 årleg

**Diverse**
Salet skjer etter reglane i tvangsfullbyrdelsesloven. Ein gjer særskilt merksam på at ein kjøpar ved tvangssal i mindre grad enn ved ordinært sal kan gjere manglar gjeldande.

Ein kan ikkje ta omsyn til bod med atterhald. Ved tvangssal av fast eigedom er bod bindande for bodgivaren i 6 veker.

Det er tingretten som tar stilling til om eit bod skal stadfestast/aksepterast. Saka kan bli trekt fram til retten har gitt orskurd om stadfesting av bodet.

Når bod er stadfesta, overtek kjøparen eigedommen på oppgjersdagen, om heile kjøpesummen og kostnader er betalte. Oppgjersdagen er tre månader frå dagen meklar/medhjelpar legg bodet fram for

kreditorane og tingretten.
Kjøparen ber alle kostnader ved overtaking av eigedommen.

Alle pengehefte blir sletta ved salet. Hefte som ikkje gjeld pengar blir overtekne av kjøparen utanfor kjøpesummen.

**Bakgrunn for opplysningar i salsoppgåva**
Salsoppgåva er utarbeidd ut frå opplysningar i innhenta dokument, takst og synfaring av eigedommen.

**Bodgjeving**
Alle bod skal gjevast skriftleg til advokat, sjå eige bodskjema. Seinare auka bod kan skje per e-post eller SMS. Bodgjevaren må legitimere seg.








40
40





















**OPPDRAGSANSVARLEG:**

Advokat Eirik Myking Midtbø
Bergen
Tel: 55 54 70 74
Mob: 986 52 998
emm@dalheimrasmussen.no

